



Sør-Aurdal kommune

Saksframlegg

ArkivSakID: 21/234
JournalpostID: 21/1914
ArkivID: K1-024&13
Saksbehandlar: Haakon Boie
Ludvigsen
Dato: 18.02.2021

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
006/21	Kommunestyret	25.02.2021

NOU 2020-15 - Høringssvar, "Det handler om Norge"

Vedlegg:

18.02.2021	NOU 202015 presentasjon Trond Lesjø	245594
18.02.2021	Norman-utvalget IFK Even Aleksander Hagen	245601

Saksopplysninger:

Regionstyret i Valdres består av dei 6 ordførarane i dei seks valdreskommunane, Sør-Aurdal, Vestre - Slidre, Etnedal, Nord-Aurdal, Øystre – Slidre, Nord - Aurdal og Vang. Regionstyret har drøftet innspill til høringssvar som ersammenfattende med kommunens innspill.

Demografiutvalet har lagt fram ei grundig utgreiing som saman med Distriktsnæringsutvalet si utgreiing (NOU 2020:12) viser fleire utviklingstrekk som har negative konsekvensar for distrikta i Noreg: Færre i arbeidsfør alder, fråflytting, fødselsunderskot og manglande arbeidskraft med relevant kompetanse. Befolkningsframskrivingane frå Telemarksforsking viser at situasjonen truleg kjem til å forverre seg framover.

Regionstyret i Valdres og Sør-Aurdal kommune meiner det er grunn til å vere svært uroa over utviklinga for fjellområda og distrikta.

Vurdering:

Regionstyret i Valdres og Sør-Aurdal kommune meiner det er mogeleg å snu sentraliseringa og få til ei positiv utvikling som styrkar næringslivet, sikrar busetting og gode liv i distrikta. Det må til ein heilskapleg og offensiv nærings- og distriktpolitikk der ein tek i bruk fleire ulike verkemiddel for å sikre vekst og busetting over heile landet. Sør-Aurdal kommune er tilfreds med at utvalet meiner det er positivt og viktig for Norges del å oppretthalde befolkninga i distriktet. Sør-Aurdal kommune som ein stor hyttekommune er òg einige i at folketall seier lite om det er bærekraftige lokalsamfunn. Sør-Aurdal kommune vil vidare i dette kapitlet uttale seg om dei tiltaka utvalet foreslår.

1. Inntektsgrunnlaget i kommunane

- I forbindelse med infrastruktur og velferdssystem må ein finne eit system der inntektene i større grad fyljer brukarane ikkje berre innbyggjarane.
- Kommunal og fylkeskommunal økonomi som gjer det mogeleg å ha gode og likeverdige tenester. Dette vil gjera det mogleg for lokalsamfunn og kommunar å ha kapasitet til å ivareta oppgåvene sine for både fastbuande og tilreisande.

2. Velfungerande arbeidsmarknadar og infrastruktur som bind landet saman

Distrikta har utfordringar knytt til avstand og geografi. Det å skape effektive bu- og arbeidsregionar krev òg gode lokale vegnett. Manglande utvikling av fylkesvegane er begrensande for mange distrikts- og fjellkommunar.

Sør-Aurdal kommune meiner dette er svært viktig:

- a. Samfunnsnytte kan ikkje vera avgjerande for kven som får pengar til veginvesteringar
- b. Å gje rammer til fylkeskommunane slik at dei blir i stand til å vedlikehalde og utvikle fylkesvegar i kommunar i sentralitetsklasse 4, 5 og 6

Velfungerande bu- og arbeidsmarknadsregionar gjer det meir attraktivt å bu i distriktet. Velfungerande vegnett gjev òg grunnlag for blant anna handels- og servicenæringar i distrikta.

3. **Digital infrastruktur**

Sør-Aurdal kommune støttar utvalet. Digital infrastruktur er ein føresetnad for likeverdig deltaking i samfunnet. Det må òg vurderast korleis ein kan skaffe digital tilgang til deltidsinnbyggjarane.

Tilgang på god og stabil elektronisk kommunikasjon er avgjerande for at det skal skapast arbeidsplassar og verdiar over heile landet.

3. **Smart mobilitet**

Utvalet diskuterer mobilitet frå ulike vinklar. For ein region som både har mista rutetrafikken på flyplassen (Fagernes lufthavn) og som har ein nedlagt jernbane, treng vi effektive og gode busstilbod.

Sør-Aurdal kommune meiner:

- c. Det må etablerast gode busstilbod i distrikt som er i sentralitetsklasse 4, 5, og 6 som ikkje har jernbane eller fly.
- d. Norway bussekspress må gjevast vilkår som gjer at dei kan ha gode og hensiktsmessige ruter i og til og frå distrikta.
- e. Kollektivordningar for ungdom, som heim for ein 50 lapp eller hent meg.

Eit godt kollektivtilbud vil gje meir likeverdige tilbod til unge og eldre i distrikta. Eit godt kollektivtilbud vil gje betre fungerande bu- og arbeidsmarknadsregionar. Eit godt kollektivtilbud vil gje grunnlag for at fleire brukar deltidsbustadane sine, noko som gjev grunnlag for lokalt næringsliv.

4. **Bustadpolitikk**

Attraktive bustadar trekker til seg folk. Bustadar i distrikta aukar ikkje i verdi på same måten som i sentrale strok. Bustadar i byane har høg verdistiging og er ei investering, i distrikta tapar desse investeringane verdi. Dette fører til at det er mindre interessant å bygge bustadar i distrikta. Sør-Aurdal kommune støttar utvalet i at distrikta må ha ordningar som kompenserer for manglande verdistiging på nybygde bustadar. Attraktive bustadar i distriktet vil tiltrekke seg folk.

5. **Sikre tilgang på kompetent arbeidskraft**

Utdanningssystemet påverkar i stor grad kvar ein busett seg etter utdanninga. Undersøkingar viser at over 70 prosent blir verande i regionen der dei har gjennomført studia. I dag er utdanningsinstitusjonar i stor grad lokalisert i sentrale område og dette får ein negativ effekt på næringslivet i distrikta.

Sør-Aurdal kommune meiner det er særleg viktig at:

- f. Høgare utdanning finansierast slik at det blir mange fleire desentraliserte studiestader-
- g. Det kjem sterke insentiv for at universitet, fagskular og høgskular opprettar fleircampusmodellar.

- h. Etter- og vidareutdanning blir meir fleksible for å kunne møte næringslivets behov for kompetanse. Ei auka satsing på desentralisert høgare utdanning vil sikre kompetanse til næringslivet i distrikta. Eit høgt utdanningsnivå er sentralt for å utvikle nye løysingar, innovasjon og for ei berekraftig og grøn omstilling.

6. Nedskriving av studielån

Utvalet vurderer at ordningar som gjeld for tiltaksona i Nord- Troms og Finnmark har vore effektive. Om ein ser på utfordringane som er i sentralitetsklasse 4, 5 og 6 i sør Norge, må desse ordningane vurderast utvida.

Sør-Aurdal kommune meiner at ordningar som gjeld for tiltaksona i Nord- Troms og Finnmark må nyttast i distrikta i sør Norge.

Ei betra rekruttering av kompetent arbeidskraft vil gje meir velfungerande distrikt.

7. Samarbeid og nye tiltak i distriktpolitikken

Utvalet meiner at kommunane med fordel kan samarbeide og at det kan utprøvast nye tiltak i distriktpolitikken. Valdres har stor grad av samarbeid. Øymerka program og forsøk kan vera ein veg å gå, men rammer og tillit til at ein lokalt kan finne gode løysingar er òg mogeleg.

Sør-Aurdal kommune meiner at det må vera utviklingsmidlar til kommunar i sentralitetsklasse 4, 5 og 6. Dette kan organiserast gjennom fylkeskommunane som eit nasjonalt program for samarbeidande distriktskommuna.

Det trengs politiske tiltak som aktivt legg til rette for ein variert arbeidsmarknad, med arbeidsplassar som krev ulik kompetanse, er viktig for næringsutvikling og utvikling av distrikta. Valdres har god erfaring med samarbeid gjennom forskjellige fora, men saknar statleg drahjelp og medfinansiering for å løyse ut potensialet.

8. Gratis SFO og barnehage

Utvalet meiner det bør gjerast forsøk med gratis SFO og barnehagar. Det er lite forskning som seier noko om korleis dette verkar på busetnad.

Sør-Aurdal kommune er positive til forsøk av gratis SFO og barnehagar.

9. Forsøk med sanering mot fysisk forslumming

Utvalet meiner det bør gjerast forsøk der det offentlege er med og finansierer riving og sanering av forslummende bygningsmasse.

Sør-Aurdal kommune er positive til at utfordringa blir sett på dagsorden, men meiner samstundes at det er like viktig å auke støtta til ivaretaking av kulturminner.

10. Forsøk med fleire desentrale einingar

Det faglege grunnlaget til Distriktsnæringsutvalet viser tydeleg at sysselsettinga i offentlig sektor har bidrege til sentraliseringa. I kommunar med sentralitetsklasse seks, har arbeidsplassveksten i offentlig sektor vore 23 prosentpoeng lågare enn landsgjennomsnittet sidan 2000-talet. Ser me på fjellkommunane samla, er arbeidsplassveksten 15 prosentpoeng lågare enn landsgjennomsnittet. Denne nedgangen får særleg negative konsekvensar i distriktskommunar som jamt over har eit einsidig næringsliv med få arbeidsplassar for dei med høg utdanning.

Sør-Aurdal kommune meiner statlege arbeidsplassar bør fordelast ut over landet og støttar difor utvalets forslag om å opprette desentrale einingar i statlege verksemdar.

Sør-Aurdal Kommune meiner det er nødvendig:

- i. Med ein offensiv statleg politikk for å desentralisere statlege arbeidsplassar. Det bør vere ei tydeleg målsetting at statlege arbeidsplassar flyttast frå sentrale strøk og ut i distrikta.
- j. At delar av regjeringsapparatet, avdelingar av direktorat og andre statlege verksemdar bør flyttast ut av sentrale strøk, til kommunar i sentralitets-klasse fire, fem og seks.
- k. At staten etablerer minimum 20 prosent av sine stillingar utan fast arbeidsstad. Dette vil legge til rette for at dei tilsette kan bu andre stader enn der kontora er lokalisert.
- l. Dei nye fylkeskommunane og regional stat må og påleggast krav om desentralisering av arbeidsplassar til kommunar i sentralitetsklasse 4, 5 og 6 i eige fylke.
- m. Å ta vare på dei arbeidsplassane som er lagt til distrikta. Det vil vere ei styrke for statleg forvaltning med arbeidsplassar som er lokalisert rundt om i landet. For distrikta vil det føre til viktige kompetansesarbeidsplassar og eit meir variert næringsliv.

11. Førarkort for 16 – åringar

Utvalet ynskjer ei prøveordning med ulike restriksjonar og viser til ordningar i USA og Canada.

Sør-Aurdal kommune ser ikkje hensikten i eit slikt forsøk. Tryggleik og rettar for distriktsbefolkning er den same som i landet elles. Insitament for gode kollektivordningar er ei mykje betre løysing. Jfr. Pkt 4 Smart mobilitet.

12. Sør-Aurdal kommune vil avslutningsvis peike på tiltak som er mindre omhandla i denne NOUen, men som er viktig for distrikta:

- n. Den differensierte arbeidsgjevaravgifta
- o. Tenester frå staten må ha akseptabel reiseavstand, dette gjeld ma helsetenester, politi og justis
- p. Naturressursbeskatninga medfører ulemper for lokalsamfunna og må kompensast med inntekter som kjem lokalsamfunna til gode, meir av verdiskapinga må ligge at lokalt
- q. Kommunale næringsfond
- r. Ei styrking av øymerka verkemiddel for sentralitetsklasse 4, 5 og 6 til Innovasjon Norge
- s. Nytt fokus på kanaliseringspolitikken i landbruket, slik at fjellbygdene blir prioriterte for mjølk og kjøtproduksjon

Forslag til vedtak:

Sør-Aurdal kommunestyre gir sin tilslutning til urtarbeidet høringssvar.

Kommunestyret 25.02.2021:

Behandling:

Bustadspolitikk, foreslått av Olav Kristian Huseby, Høyre

5. Bustadpolitikk

Attraktive bustadar trekker til seg folk. Bustadar i distrikta aukar ikkje i verdi på same måten som i sentrale strok. Bustadar i byane kan ha høg verdistiging og være ei investering. I distrikta kan desse investeringane tape verdi. Dette kan føre til at det er mindre interessant å bygge bustadar i distrikta. Sør-Aurdal kommune ynskjer støtteordningar til utvikling av budstadorområder, byggesaksarbeid, og renovering av buplasser i distriktskommuner. Attraktive bustadar i distriktet vil tiltrekke seg folk.

6. Sikre tilgang på kompetent arbeidskraft, foreslått av Finn Olav Teslo, Arbeiderpartiet

Punkt d: satse på fleksibel fagutdanning for å imøtekomme den økende

demografiutfordringen i samfunnet. De må ha tilbud om 100 % stilling ved endt utdanning.

Forslag til punkt 5 fra Olav Kristian Huseby, H: **Vedtatt mot 3 stemmer (Sp)**

Tilleggsorslag til punkt 6 fra Finn Olav Teslo, Ap: **Enstemmig.**

Som forslag med endring av punkt 5 og tillegg til punkt 6. **Enstemmig.**

KS- 006/21 Vedtak:

Sør-Aurdal kommunestyre gir sin tilslutning til utarbeidet høringssvar med følgende endringer:

Endring av punkt 5. Bustadpolitikk

Attraktive bustadar trekker til seg folk. Bustadar i distrikta aukar ikkje i verdi på same måten som i sentrale strok. Bustadar i byane kan ha høg verdistiging og være ei investering. I distrikta kan desse investeringane tape verdi. Dette kan føre til at det er mindre interessant å bygge bustadar i distrikta. Sør-Aurdal kommune ynskjer støtteordningar til utvikling av budstadorområder, byggesaksarbeid, og renovering av buplasser i distriktkommuner. Attraktive bustadar i distriktet vil tiltrekke seg folk.

Tillegg punkt 6:

d. satse på fleksibel fagutdanning for å imøtekomme den økende demografiutfordringen i samfunnet. De må ha tilbud om 100 % stilling ved endt utdanning.